



Skytebanetomt: Skyttarlaget ønskjer å bygge skytebane i det nedlagde steinbrotet på Gothol, men før ein kan gå vidare med planane må ras- og skredfaren utgreiast. Foto: Åshild Emma Solbjør

Politikarane vil gå vidare med skytebaneplanane

+ – Det høyrest jo ut som det er NATO sitt øvingsfelt som skal inn der, men det vert jo ikkje skyting kvar dag, sa Ane Killingtveit (Sp) då plan- og miljøutvalet i Vinje handsama skytebaneplanane på Gothol ved Lognvikvatnet onsdag.

Åshild Emma Solbjør

aashild@vtb.no

Publisert: 29.08.2024 18:00



Bakgrunnen for kommunens engasjement i saka er at Rauland skyttarlag måtte avvikle skytebanen dei hadde på Rukkemo av omsyn til hytteutbygginga der. Sidan har dei leita etter ein eigna plass i fleire år før dei til slutt landa på Gothol.

Nå har skytebaneplanen vore på høyring, og blant dei over førti uttalane er det fleire hyttefolk som bekymrar seg for støy og anna negativ innverknad frå skytebanen.

Artikkelen held fram under annonsen.

Før saka vart handsama tok utvalet ei runde på habilitet, sidan både Killingtveit og Hans Martin Huse (uavhengig) er medlemmar av Rauland skyttarlag. Dei kom fram til at alle var gilde.

Legg lite vekt på støyargumenta

Killingtveit var ikkje redd for å rø seg ugild, og tok ordet med ein gong.

– Det høyrest jo ut som det er NATO sitt øvingsfelt som skal inn der, men det vert jo ikkje skyting kvar dag, påpeika Killingtveit, som ellers hadde denne kommentaren til uttalane frå hyttefolka:

– Det er gjerne slik at når me som bur i kommunen vil gjere noko så er det gjerne nokre hyttefolk i nærleiken som er skeptiske. Men eg trur ikkje dette vil påverke dei så mykje som skytebanen på Rukkemo gjorde.



Støtta skytebanen: Ane Killingtveit (Sp) fekk med seg PMU på å gå vidare med skytebaneplanen. Då er neste steg skredvurdering og ROS-analyse. Foto: Åshild Emma Solbjør

Også fastbuande har reagert negativt på skytebaneplanen, og ein av dei er bonde Bjørn Lognvik. Han har beiteland som ligg tett opp mot Gothol, og meiner ein skytebane her vil vere øydeleggande for husdyrdrifta hans.

Både Killingtveit, Huse og Edland har sjølve husdyr, og dei var usikre på om støyen ville ha nokon særleg innverknad på beitedyra.

– Viss ein har vore ute og skote blant dyr, så veit ein jo at dei ikkje reagerer så mykje på det. Men det kan dei jo gjere, sa Huse.

– Det ville vere veldig rart om det var kroken på døra for å drive med kyr at dei skyt litt der borte, sa Edland, som meinte støyargumenta generelt sett var lite relevante.

Artikkelen held fram under annonsen.

– Støy blir det uansett, og du skal leite lenge for å finne ein plass der ingen reagerer på støyen, påpeika ho.

Det har også kome ei formell motsegn til skytebaneplanen frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dei krev skredvurdering og oppdatert risiko- og sårbarheitsanalyse før ein kan gå vidare med planane.

LES OGSÅ

Planlegg skytebane side om side med freda gardstun, drektige kyr og over hundre hytter

Vil ikkje vente

arealdel, som er i full gang. Dette hadde ikkje Killingtveit noko tru på.

– Viss skyttarlaget har leita og leita i så mange år, så er eg ikkje sikker på om kommunen kjem til å finne det heller.

Ho fekk støtte frå Edland her.

– Det har vore leita lenge for å finne noko, og eg tenkte då dei fann dette, kva skal ein ellers bruke dette hølet til? Det må jo vere uvant å bruke det til dette.

– Og ein må tenke på beredskap også. Det er fornuftig å ha folk som kan skyte, sa Killingtveit, som føreslo at ein gjer skredvurdering og oppdaterer ROS-analysen i tråd med kravet frå NVE før ein går vidare med planen.

Killingtveit sitt forslag vart sett opp mot kommunedirektøren sitt, og vart samrøystes vedtatt.

Artikkelen held fram under annonsen.

Sidan vedtaket inneber at det må setjast av pengar til å gjere dette arbeidet, går saka vidare til formannskapet.

NYHENDE**NATUR OG MILJØ****POLITIKK****FRITID****SPORT****JAKT****SKYTING**

MEIR INNHOLD FOR DEG



Vest-Telemark er best når vi står samla!



Var prestegard i over 600 år - ber om at garden blir selt



Anja fekk tilskot frå kommunen: - Kan gje ringverknad til andre næringar



Seljord DPS slit med rekruttering. - Me kan ikkje drifte utan psykiater



Openheit skaper tillit og styrkar lokaldemokratiet



Meiner heivegen er avgjerande for vidare hytteutvikling



Politikarane vil gå vidare med skytebaneplanane

annonse

**LESARINNLEGG**

Vest-Telemark er best når vi står samla!



Spelemann debuterer som forfattar - Odd Nordstoga fortel si historie



Les eAvisa

**For å få løyve til å
arrangere Dyrsku'n er
arrangøren ansvarleg for
ekstrakostnadene til politi
og vakthald**

Seljord DPS slit med rekrytting. - Me kan ikkje drifte utan psykiater

I 1924 skipa nokre idrettsinteresserte ungdommar IL Tokke. Nå kan idrettslaget feire hundre år med idrett, aktivitet og kameratskap

«Det forjettede land»

LESARINNLEGG

«Jeg er nå straks 82 år og var medlem av og stemte Ap fra 1960 og helt fram til Støre konstruerte sitt svik» 

I LESARINNI EGG

Fekk fleire søkerar på andre forsøk



To køyerde for fort ved skulen



Jaktar på framtidige leiarar. - Me ynskjer å satse på våre eigne



Flaumskadane på vegen kunne ha vore mindre med betre vedlikehald

Innbrotstjuvar har tatt med seg både båt og påhengsmotor



Planlegg skytebane side om side med freda gardstun, drektige kyr og over hundre hytter

annons



I ni månadar har Hilda og Gudrun budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverta Bygdeheimen

Tormod Tveitan er død. - Ikkje bare ein sjef. Han var ein ven

Ein regnfull augustdag kan nyttast til så mangt

LESARINNLEGG

Tilbake til toppen ↑

pressas
regler for
kildevern.